

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 12.02.2014

RS 12/14 BRA-midler for 2015 – Søknader frå Hordaland og RS 14/14 Møteprotokoll – Fylkesrådet for funksjonshemmede i Troms vart ikkje funne i sakspapira. Administrasjonen vart bedt om å følgje dette opp.

RS 13/14 Reklamefinansiert kollektivtransport – sak til uttale: Ellinor sette fram slikt forslag:

«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek referatsaka til orientering. Vi ber om at det vert tatt omsyn til universell utforming, og er såleis skeptisk til frittstående modular, med tanke på synshemma og at dette kan hindre dei i kvardagen. Og med tanke på den informasjonen og reklamen som kjem på skjermar ønskjer rådet at ein tek omsyn til at dette ikkje er tilgjengeleg for synshemma, dersom det ikkje er lag til rette med lyd. Rådet ser fram imot å sjå dei endelege planane for korleis løysingane vert gjennomført.»

Røysting

Kreybu sitt forslag vart samrøysta vedteken.

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne sendar følgjande uttale til samferdselsavdelinga:

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek referatsaka til orientering. Vi ber om at det vert tatt omsyn til universell utforming, og er såleis skeptisk til frittstående modular, med tanke på synshemma og at desse kan hindre dei i kvardagen. Og med tanke på den informasjonen og reklamen som kjem på skjermar ønskjer rådet at ein tek omsyn til at dette ikkje er tilgjengeleg for synshemma, dersom det ikkje er lagt til rette med lyd. Rådet ser fram imot å sjå dei endelege planane for korleis løysingane vert gjennomført.